

# Årsmelding for Varaldsøy sokn, 2020

## Soknerådet

Desse var med i soknerådet, 2020:

|                      |                                                                                             |
|----------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------|
| Leiar:               | Ingvild Sandvik                                                                             |
| Nestleiar:           | Torbjörg Øye                                                                                |
| Kasserar:            | Garry Svindland                                                                             |
| Skrivar:             | Haktor P. Aakre                                                                             |
| Repr. i Fellesrådet: | Haktor P. Aakre                                                                             |
| Medlemmer:           | Margunn Mæle Øvsthus (skriv plakatar)<br>Reidun G. Kjærevik                                 |
| Soknepresten:        | Kjersti Brakestad Boge                                                                      |
| Varamedlemer:        | Lillian Åkre, Torgils Samland Våge, Olga Helene Ask,<br>Sigrid Tangerås Fugløy, Mette Olsen |

## **Årsmøte:**

**Etter vedtak i soknerådet, sak 2/21, vart kyrkjelyden sitt årsmøte, 14.02.21, avlyst, og årsmeldinga lagt ut på kyrkja i Kvinnherad si heimeside og på Varaldsøy-sida på Facebook. Har du kommentarar eller merknader, kan du senda dei på e-post til leiaren, Ingvild Sandvik, [ingvild.sandvik@kvinnherad.kommune.no](mailto:ingvild.sandvik@kvinnherad.kommune.no)**

Det har vore 5 soknerådsmøte. 26 saker har vore handsama.

## Gudstenester, arrangement m.v. :

**Gudstenester:** Grunna korona-situasjonen har talet på gudstenester og kyrkjegjengarar blitt monaleg redusert i 2020. Likevel har det vore 8 gudstenester dette året, og særleg vil me framheva godt frammøte på juletreffestgudstenesta, med kyrkjekaffi, 12. januar og på julaften.

Ei av gudstenestene, 2. august, var **utegudsteneste** i Hesteviken v/soknepresten. Soknerådet vil gjerne få takka Mi Rieber for stor gjestfridom. Det set me verkeleg pris på.

Det vart ikkje arrangert **lysmesse** i vår kyrkje dette året, og den tradisjonelle julevandringa måtte og sløyfast. Men også dette året fekk me ekstra gudsteneste på **julaftan**. Soknerådet vil gjerne få retta ei stor takk til Hildur Øvsthus som var liturg og leidde gudstenesta, til Magnhild Mjelde, som spelte piano og sytte for musikk til salmane og til familien Bjørnevik, som stod for praktiske gjeremål i kyrkja og hadde sytt for vakker pynting.

**Fasteaksjonen**, som var planlagt til 31.mars, måtte også sløyfast grunna korona-situasjonen. Aksjonen vart gjennomført digitalt.

**Offer 2019:** Desse organisasjonane har fått offer i 2020: Stefanusalliansen, Frelsesarméen, Kirkens Nødhjelp, IKO, Misjonsalliansen, Kirkens bymisjon og Varaldsøy Bedehus. Dessutan offer til kyrkjelydsarbeidet ved konfirmant-gudstenesta.

### Trusopplæring

**Juletreffestgudsteneste**, 12. januar, var det einaste tiltaket me fekk avvikla dette året.

Det var godt frammøte, og eit tiltak me sette stor pris på.

### Konfirmantførebuing

Innskriving av nye konfirmantar, felles for Varaldsøy, Ølve og Hatlestrand, var lagt til helga 25. - 27 september. Opplegget starta med sykkeltur frå Ølve, via Hatlestrand kyrkje til Varaldsøy, med overnatting i Hesteviken. Film, bibelarbeid og samtale inngjekk i undervisninga. Konfirmantane vart presenterte ved gudstenesta i Varaldsøy kyrkje søndag 27. september. Varaldsøy sokneråd hjelpte til med matlaging og servering. Stor takk til Mi Rieber for opphaldet!

### Vedlikehald, nytt utstyr, dugnad m.v.

- ☐ Ombygging/Tilrettelegging for kyrjekaffi. Dette vart gjort ved å snu nest bakerste benkerada i kyrkjeskipet, slik at ein fekk plass til bordplater mellom.

Soknerådet vil igjen få takka fam. Bjørnevik for vel utført arbeid. Innreiinga vart brukt fyrste gongen etter årsmøtet ved gudstenesta 1. mars.

- ❑ Det har elles ikkje vore utført dugnadsarbeid på kyrkja eller gravplassen dette året.

- ❑ Gravplassen: Ein prøver å få til dugnad ved kyrkja og gravplassen dette året, 2021.

Oppretting av skeive støtter. Soknerådet oppmodar pårørande om å sørgja for at støtter som har sige skeivt, blir oppretta.

- ❑ VIPPS: Det er no klart for bruk av VIPPS ved kyrkjelyden sitt takkoffer.VIPPS-nr. 647433 (Varaldsøy sokn). Nummeret vil og bli gjort kjent ved oppslag bak i kyrkjeskipet, ved inngangsdøra.
- ❑ Kyrkjekontoret arbeider f.t. med å få i stand eins rituale og stillingsinstruksar for kyrkjetenarar, klokkarar og reinhaldarar ved kyrkjene i Kvinnherad.

#### Endringar som gjeld gravplassen:

F.o.m. 2021 blir det auka festeavgift for graver til 300 kr årleg.

Fellesrådet seier opp avtale om stell av graver.

Alle som ikkje er heimehøyrande i Kvinnherad, men som likevel ynskjer å bli gravlagde her, må no betala lik sats for graver i kommunen, f.t. kr 9000 for kistegrav og kr 4000 for urnegrav.

#### Orientering om endring av gravferdsrituale i Varaldsøy sokn

På Varaldsøy har den skikken utvikla seg: Kista blir ståande oppå grava under heile seremonien på gravplassen, og blir senka i grava etter at gravferdsfylgjet har forlate gravplassen.

Gjeldande offisiell gravferdsordning finn ein i Alminnelige bestemmelser for gravferd, vedtekne av Kyrkjemøtet 2002, gjeldande frå 1. mars 2003. Her står det m.a., i pkt. 8: (omsett til nyn.)

“Som hovudregel skal kista senkast før jordpåkasting. Soknerådet kan vedta at jordpåkasting skal finna stad før kista blir senka. Kista skal som hovudregel senkast heilt ned”.

Kyrkjegardsarbeidarane og prestane i Kvinnherad ynskjer eit felles rituale for alle gravplassane i kommunen. Når saka no er reist, meiner eit fleirtal i soknerådet at også Varaldsøy sokn må fylgja ordninga vedteken av Kyrkjemøtet i 2002. Dette inneber då at noverande skikk blir endra, slik at kista blir senka i grava, som eit ledd i seremonien, medan gravferdsfylgjet er til stades på gravplassen.

Vedtak:

Varaldsøy sokn fylgjer gravferdsordninga slik ho er vedteken og lagt fram i "Alminnelige bestemmelser", vedtekne av Kyrkjemøtet 2002:

"Som hovudregel skal kista senkast før jordpåkastinga. Soknerådet kan vedta at jordpåkasting skal finna stad før kista blir senka. Kista skal som hovudregel senkast heilt ned".

*Noverande skikk blir endra slik at kista blir senka i grava som eit ledd i seremonien, og medan gravferdsfylgjet er til stades på gravplassen.*

Ein får då ei slik ordning for seremonien på gravplassen:

- Kista blir sett på senkeapparat eller plankar oppå grava.
- Salme, skriftlesing, bøn
- Jordpåkasting
- Kista blir sett ned i grava
- Skriftord og velsigning
- Avslutningssalme

#### Utfordringar kommande år:

- ❑ Grusing av plassen rundt kyrkja. Etter budsjett-nedskjering i kommunestyret har kyrkja i Kvinnherad ein svært vanskeleg økonomi. Soknerådet må likevel arbeida vidare med prosjektet; investeringsbudsjett, søkja private midlar.
- ❑ Utviding av gravplassen. Arbeidet med å utvida gravplassen mot nord mellom den tidlegare rododendron-hekken og muren er i gang. Dette området vil dekkja behovet for nye graver på Varaldsøy i lang tid framover.
- ❑ Minnelund: Etter vedtak i Fellesrådet i desember 2019 skal kyrkjevevja utarbeida plan om minnelundar ved alle gravplassane i Kvinnherad. Arbeidet er i gang, og er no ferdig ved Husnes kyrkje og Kvinnherad kyrkje, Rosendal.
- ❑ Trusopplæring: Soknerådet ynskjer at mange deltek i aktivitetar som vedkjem trusopplæring i kyrkja vår. Det er viktig at borna våre og konfirmantane/ungdommen ikkje misser kontakten med eiga kyrkje. Me må difor prøva opplegg for borna med samling i kyrkja og deltaking i familiegudstenester, sjølv om det kan by på utfordringar. Elles: Ved sida av utdeling av bøker og matriell til borna, som Mi kyrkjebok, må me halda fast på aktivitetar som lysmesse, julevandring, juletreffest i kyrkja for barn og vaksne og skaparverket sin dag, sjølv om det kan by på utfordringar. Me må gjerne søkja samarbeid med nærliggjande sokner. Ein må også gjerne i samråd med sokneprest, leiarane for trusopplæringa og Plan for trusopplæring i Kvinnherad søkja etter nye tiltak som kan passa i vårt sokn eller i samarbeid med nærliggjande sokn.
- ❑ Fleire kulturelle tiltak i kyrkja vår; som besøk av kor, konsertar og salmekveldar. Det er ynskjeleg med øvings-/ salmekveldar i samband med

innføring av ny liturgi i kyrkja vår. Soknerådet bed om stort engasjement og oppslutning i kyrkjelyden rundt aktivitetar og tilstellingar både for barn og vaksne.

- ❑ Ny liturgi: Kyrkjemøtet 2020 kom med fleire framlegg til ny liturgi for høgmessa i Den norske kyrkja. I Kvinnherad er det planlagt arbeidd med å utarbeida ein felles liturgi for alle kyrkjene. Men grunna dei strenge smittereglane er det no vanskeleg å gjennomføra felles møte om temaet, og innføring av ny liturgi er derfor føreslått utsett til hausten 2021.
- ❑ Skrift om kyrkjene på Varaldsøy: Gitle Sandvik arbeider med eit skrift om kyrkjene på Varaldsøy. Soknerådet vil gje ut skriftet i bokform i løpet av 2021, og er i kontakt med forlag om trykking og utgjeving av boka. Det blir eit svært interessant og fint verk. Me oppfordrar soknet om å ta vel imot boka når ho kjem.

Haktor P. Aakre

skrivar